




**Bokn kommune**  
Seksjon kultur, skule og barnehage

# Bokn skule

# Bokn barnehage



Bokn 02.01.15

## INFORMASJON TIL HEIMANE

Wenche L. Havikbotn, rektor  
tlf 52752551, mobil 41764082

[wenche.havikbotn@bokn.kommune.no](mailto:wenche.havikbotn@bokn.kommune.no)

Anne Ottem, barnehagestyrar,  
tlf 52752575

[anne.ottem@bokn.kommune.no](mailto:anne.ottem@bokn.kommune.no)


Ingunn Toft, seksjonssjef  
tlf 52752550

[ingunn.toft@bokn.kommune.no](mailto:ingunn.toft@bokn.kommune.no)

Heimeside skule og barnehage [www.boknskule.no](http://www.boknskule.no)

Ansvarleg heimesida Stein Magnar Gjerde

# GODT NYTT ÅR!



### Forandringar på timeplanen

Det vil bli ein del forandringar på timeplanen for elevane frå 5. januar. Dette er mykje på grunn av innsparingar som kommunestyret vedtok i budsjettet for 2015.

For å klara dette må me i større grad enn me gjer i dag, driva samdrift av klassar. Dette kan bli gjort i alle fag utanom norsk, matematikk og engelsk. I denne omgang er dette blitt gjort mest i 1. – 4. klasse, fordi her passar dette best i høve til klassestørrelsen.

### Elev- og foreldreundersøkinga

Minner om svarfristen på elev- og foreldreundersøkinga. Sjå meir om dette på informasjonsskrivet de fekk før jul.

**Svarfrist er innan 9. januar.**

### Plandagar i vår

På skuleruta for dette skuleåret er der ein plandag som ikkje er lagt inn. Denne plandagen blir lagt måndag 16. mars.

Minner også om plandag 26. januar.

Det vil seia at me har desse plandagane att i år:

- **Måndag 26. januar**
- **Måndag 16. mars**
- **Fredag 5. juni**

### Skileirskule for 7. og 8.

I år er det igjen tid for at 7. og 8. klasse skal reisa på skileirskule. Dette skjer i veke 5 (26. – 30. januar). Sjølv om 26. januar er ein plandag, og elevane skal ha fri denne dagen, vil 7. og 8. få fri ein annan dag i løpet av våren. For å få fullt utbytte av skiskulen er det best å få ei heil veke.

Det vil i løpet av kort tid komma eit eige skriv med meir informasjon om dette.

### Mjølkk og frukt

I det nye budsjettet ligger det ikkje lenger inne pengar til frukt for elevane. Oppfordrar de foreldre til å senda frukt me elevane i matpakka.

Minner også på at de som ikkje har bestilt mjølk for heile skuleåret må gjera det no snarast viss de ønsker at ungane skal ha mjølk/juice.

Helsing

Wenche L. Havikbotn  
rektor